

HELGE TORVUND

Det ukontrollerbare

Essay




Krabben

TIDSSKRIFT FOR POESIKRITIKK

184. og 185. utgåve

2026



Lat meg byrja i ein ende som kanskje er noko uventa: i det fullstendig ukontrollerbare. På eit lengre sjukehusopphald nyleg, kom eg av ulike grunnar inn i ein tilstand der eg ikkje fekk teke til meg verken vått eller tørt på fleire dagar, og der eg på grunn av smerter og usikkerheit ikkje fekk sova. Dette varte nokre døgn, og eg var sjølv sagt ganske utmatta og slapp av dette. Ein ettermiddag kom ein sjukepleiar inn til meg med noko smertestillande, men til si overrasking fekk han ikkje kontakt med meg. Eg låg i senga på eit einmannsrom og retta blikket mot han, men såg han ikkje. Han prøvde på ulike måtar å oppretta kontakt; med høgmælt tiltale og varsam risting, og sjølv om eg delvis responderte på tiltale og hadde augo halvvegs oppe, var kontakten så dårleg at han tilkalla overlegen. Etter kvart kom det fleire pleiarar til. Utan hell prøvde fleire av dei på ulike måtar å oppnå kontakt. Då dei ikkje fekk tilfredsstillande resultat, tilkalla dei det som vert kalla Mobilt Innsats

Team (MIT), som er ei spesialisert eining som raskt rykkar ut for å behandla pasientar med akutt forverra tilstand på sengepostar.

Det underlege var at eg sjølv midt i denne situasjonen opplevde at eg var ute i ein hage ein varm, solrik sommardag. Det var eit stort og idyllisk anlegg med gangstiar mellom plenar og blomebed, små skulpturar og fine fontener. Andre folk gjekk på gangstiane og lenger borte var det eit slags tårn. Men der i solskinnet og i dei vakre omgjevnadane vart eg plutselig svært dårleg og slapp, så eg måtte setja meg, ja, halvt leggja meg ned på ein kvit hagebenk som stod der ved gangstien.

Då kom det folk til for å hjelpa meg. Eg kjente att røystene til sjukepleiaren og overlegen, utan at eg reagerte på at dei også var der ute i hagen. Men då eg prøvde å svara på deira spørsmål om kva som var gale, forstod dei ikkje kva eg sa. Det kom bare babbel og intense lydar frå meg. Eg bad dei så inderleg eg kunne, om å henta papir og penn slik at eg kunne svara på spørsmåla deira skriftleg, men dei forstod ikkje. Dei var etter kvart mange rundt meg, og alle var like fortvila over å ikkje vera i stand til å kommunisera. Dei hjelpte meg opp på beina, og byrja føra meg inn mot ein bygning i nærleiken. Då me kom inn, såg eg at det låg ark og ein blågrøn reklamepenn på ei hylle i inngangspartiet, så eg grabba desse og like etter sette hjelparane mine meg ned på ein stol ved eit bord, og eg var klar til å byrja skriva.

Men plutselig brasa eg gjennom. Det var som om

eg brått, på eit sjokkerande vis, kom ut av djupt vatn og opp i klår kvardagsluft. Med eitt var eg heilt vaken og fullstendig til stades i sjukehusrommet. I mi marerittaktige oppleving såg eg at eg var omgitt av seks kvitkledde som alle stod kring senga mi og stira forbausa på meg. Det var som å vera hovudperson i ein film ein absolutt ikkje ville vera med i.

«Men eg sa jo at de skulle henta papir og penn!» sa eg med irritert røyst.

Eg såg på dei etter tur. Ingen såg ut til å hugsa at eg hadde bede dei om dette. Og overlegen forsikra meg beroligande om at dei ikkje hadde fått med seg dette ønsket mitt. Han sendte MIT attende med beskjed om at det ikkje var bruk for dei likevel.

Og dei fortalde meg nå *sin* historie. Dei hadde bedt meg følgja ein finger med augo, og eg hadde augo halvt oppe og eg hadde gjort eit halvhjarta forsøk på dette, men augo gleid att. Dei opplevde at eg responderte litt på risting, klyping og tiltale, men at eg likevel ikkje vakna til. Overlegen vurderte både epileptisk anfall og slag, men då eg vakna til på den måten, verka ingen av desse diagnosane aktuelle lenger.

Dette er eit døme på kor opprivande og veldig ubehageleg det kan vera å føla at ein mister kontrollen fullstendig midt inne i det ein trudde var ein føreseieleg kvardag, om dette nå var ein noko spesiell kvardag, i og med at eg låg i ei seng på sjukehuset.

Når ein høyrer ei slik historie, er det ikkje så underleg at det å ha kontroll er noko som vert vurdert

som svært positivt og ettertrakta for oss. Å ha kontroll viser styrke. Å ha stålkontroll er eit ideal for oss. Å mista kontrollen er eit teikn på veikskap.

Men så viser Hartmut Rosa i sine bøker korleis dette kontrollerande idealet har ført til eit rasjonaliseringsprosjekt i Vesten, der målet vert å kontrollera alt: «Alle fenomenar i verden må bores i, beherskes, erobres, tas i bruk.» Dette dreier seg om å få kontroll over vår eigen kropp og omverda. Me må bli meir veltrente, ta av nokre kilo, få ned blodtrykket og få bort rynkene, og så må me endra på sinn og psyke: verta rolegare, meir avslappa og meir miljømedvitne. Samstundes skal me få med oss mest mogleg: reise hit og dit, og på det viset erobra mest mogleg av verda, koma oss opp på flest mogleg fjelltoppar, få med oss filmar, konsertar og teater.

Rosa hevdar at alt dette fører både til eit stadig høgare tempo, det han kallar ‘akselerasjon’, og til eit aggressivt forhold til verda. Han skildrar ikkje minst korleis ei verd som vert heilt ut kontrollerbar vil verta ei gråare og mindre levande verd. For ei verd der alt er kjent og føreseieleg, der alt kan planleggjast og der me kjenner utfallet av våre handlingar og verdas reaksjonar på desse, vil i ein viss forstand verta ei død verd. Med Max Weber sine ord vil verda verta avmystifisert og ho vil forstumma. Når alt kan bereknast og manipulera vert omverda åndlaus og kald. Vårt forhold til tilværet har då mista noko vesentleg, nemleg det som kan røre ved noko essensielt i oss, det som kan bevege oss og skape ein levan-

de relasjon mellom oss og andre, mellom oss og det som omgir oss.

I følge Rosa vil det som verkeleg kan engasjera menneska ha ei viss grad av noko ukontrollerbart over seg, mellom anna fordi me då ikkje veit på førehand korleis det vil gå når me oppsøker det. Dette skapar spenning og innleving. Dette kan dreia seg om alt frå kjærleik til fotballkampar, skriv Rosa. Like fullt er det nettopp det som me ikkje kan kontrollera, som får oss til å oppleva det Rosa kallar resonans: ein gjensidig og levande dialog mellom noko djuptliggjande i oss sjølv og omverda. Rosa opererer som kjent med omgrepsparet resonans og akselerasjon, der det siste står for ein aukande fart på alt i samfunnet og ei trong til å stadig finna opp noko nytt. Noko av dette samsvarar ganske godt med eit omgrepsspar eg har nytta når eg har skrive om poesi: fordjuping og fornying. Det første vil seia å gå lenger inn i det same stoffet, medan det andre tyder å prøva å finna nye og gjerne sensasjonelle uttrykksformer som vekker oppsikt.

Korleis kan så poesien vera ei opning inn til eit positivt forhold til omverda, til ein levande dialog?

Som eksempel på fenomen der mennesket kan oppleva resonans nemner Rosa musikk, biletkunst, teater, naturopplevingar og poesi. Og her er eg interessert i kva det spesifikt er med poesien som kan opna opp for moglege resonansopplevingar.


Eg vil ta ein liten omveg før eg kjem dit. Den amerikanske psykologen Jerry Duvinsky har skrive

ei bok som rett og slett heiter *How to Lose Control*. Kort sagt går Duvinsky si terapiform ikkje ut på å få folk til føla seg betre, men til å verta betre til å føla. Han hevdar at mange lidingar oppstår fordi folk prøver å unngå ubehagelege emosjonar. Dei lir fordi dei kjempar for å oppnå kontroll. Han lærer sine klientar å omfamna og akseptera dei mørke kjenslene dei har lært at dei må skuva vekk. Sår, traume og skadar styrer åtferda deira utan at dei er klar over det, dersom dei ikkje bevisst aksepterer desse. Denne forma for såkalla akseptans er òg sentral i øvingar i mindfulness.

Om me lyttar til det poetar sjølv seier om dikt-skriving, kan me i eit intervju med NRK høyra at Øyvind Rimbereid ganske forsiktig seier at poetar gjerne prøvar «å finna det som ligg litt utanfor ramma eller bildet, det som er på sida interesserer gjerne poetane seg meir for enn det som er i sentrum.» Men då kan dei framleis vera i eit ganske kontrollerbart område, dei bare oppdagar noko som ikkje alle andre er opptekne av.

Ser me på kva Olav H. Hauge noterte i dagboka si den 30. juni i 1965, er me på veg litt lenger inn mot det ukontrollerbare: «Pass på det vesle flakket, den vesle skuggen i medvitet, (når du skriv) valet stend millom den og ein regel, det konvensjonelle». (s. 689, band II, *Dagbøkene*).

Poetar snakkar òg om at eg-et bør trekkja seg tilbake for å gje diktet den plassen det skal ha. At ein skriv best når ein gløymer seg sjølv. Kanskje ty-





der dette å gje slepp på den medvitne kontrollen og sjå kva som dukkar opp. Andre som gir skriveråd kan leggja vekt på det å bare sitja stille og venta, meditera eller vera merksame på kva slags ord eller linjer som uventa dukkar opp i sinnet, når ein bare sit og pustar. Medan andre vil råda den skrivande til å bare skriva i veg og prøva å kopla ut den kritiske vurderinga, og sjå kva som då kjem fram på arket eller skjermen. Slike råd går i retning av å gje slepp på alle planar, vurderingar og bevega seg inn i det ukontrollerbare, sleppa impulsar til same kvar dei kjem frå.



Men det er ikkje bare i *skrivinga* av dikt, at ein kan vera i kontakt med det ukontrollerbare og oppleva resonans. Rosa skriv om utgangspunktet for resonans, at me alle veit kva det vil seia å verta berørt av noko me les, og at denne evna er eit kjerneelement i ein kvar positiv måte å forhalda seg til verda på (s. 127 i *Akselerasjon og resonans*). Når noko snakkar til oss, oppstår det først resonans når noko i oss svarer. Det kan me gjera ved å få gåsehud, endra puls, auka blodtrykk og så vidare.

Når ein er i ein sal der ein diktar les opp dikta sine, og ein merkar at opplesinga gjer noko med stemninga i rommet, atmosfæren blant publikum, at det vert meir intenst stille og at folk er prega av at dei lyttar, då opplever me noko av det som er sentralt i Rosa si skildring av resonans.

Han skriv at det høyrer med til denne opplevinga, at me erfarer at me er i stand til å nå fram til og



påverka andre, at dei verkeleg lyttar og knyter seg til oss og svarer tilbake. Svaret treng altså ikkje vera eit verbalt og høglytt svar, men ein tydeleg kroppslig reaksjon, eit svar som vert gitt med kroppsspråk.

Min eigen poesi har dei siste åra i aukande grad vorte framført saman med musikk. Og for å trekkja fram eit heilt nytt døme på korleis lyrikk og musikk saman kan skapa resonans, kan eg nemna at medan eg skriv dette, får eg ein SMS frå vokalisten i Randi Tytingvåg Trio som er på slutten av ein turné i Tyskland der dei har framført songar frå det siste albumet *Lengt*. Eg har vore med på utforminga av desse tekstane. Ho les nokre utdrag av tekstane på tysk før dei framfører dei, og ho skriv: «men de kjenner virkelig på helheten og tar det inn. Jeg tror de merker intensjonen vår. I går uttrykte arrangøren følgende etter konserten: ‘There has never been such a light and love in our club’.»

Dersom me ser på eit anna notat frå Olav H. Hauge, kan me finna nokre interessante ord om det å lesa dikt: «I går las eg nokre dikt av Eichendorff. Er det ikkje merkjeleg kor mykje konsentrasjon det skal til for å lesa eit lite dikt? Gjera seg audmjuk so ein kan ta imot? Det er slett ikkje sagt det berre er spørsmål um tid. Det må ei nedstemming av alt rummel til, alt dagsjag, det må ei reinsking til i hugen som fyre ei bøn, skal du høyra kva ein slik diktar segjer.»

Hauge skildrar her ei haldning og ei innstilling som ein kan lesa nærast som ei skildring av den tilstanden ein er i når ein opplever resonans.

Nå vil det vera mange ulike sider ved poesien som fører til at ein lesar eller lyttar vert rørt og kjenner at diktet snakkar til ein. Det kan vera eit sterkt og rørande innhald i eit episk dikt. Det kan vera noko lesaren kjenner att frå sitt eige liv, eller andre ting som har med det formidla innhaldet å gjera. Men eg trur at ein òg kan verta rykka ut av den ordinære tilstanden av litt halvsløvt sanseliv gjennom det heilt uventa, det forbløffande og underlege. Og det er kanskje i dikt med eit slikt innhald, at både poet og lesar tydelegast har gitt seg inn i det ukontrollerbare:

Nasen min er lang som ein kniv
og auga mine raude av latter
Om natta samlar eg opp mjølka og månen
og spring utan å snu meg
Viss trea er redde bak meg
gir eg faen
Så vakker likesæla er ved midnatt

Dette diktet heiter «Livreddarmedalje» og er av Philippe Soupault. Det er gjendikta av Finn Øglænd og Rolf Enger. Det finst ei djup kjelde til språkleg glede og fornying der den kritiske fornufta sluttar. Det å våga å sleppa til dei spontane bileta som dukkar opp frå det umedvitne, sprø og groteske som dei kan vera, gjev oss også tilgang til ei kjelde av energi. Det rare og det vakre og det alvorlege i eit einaste ordbilete kan illustrera kontakten med det ukontrollerbare, som her hjå René Char:

Til slutt, om du forgår, la det skje med bryllaupsverktøy.

Ved å sleppa til ord som verda ikkje har sett maken til før, eller ved at me i eit dikt vert omgjort til skapnadar som ikkje liknar noko som har vist seg på jorda før, kan det nyskapte riva oss ut av det grepet som alt det me kontrollerer, held oss i:

Eg har ete byen
Omringa av ei musikalsk stille
Eg har svelgd flokkar av duer
Gras gror på augneloka mine
Kroppen min er full av vindauge

(H. R. Hays, i mi gjendikting.)

I Eldrid Lunden si bok *Til stades* frå år 2000, finn me ein serie dikt med tittelen «Svaletrekket». Ei fysisk, flygande svale har ein kropp med venger og fjører. Men ei svale kan òg vera ein idé, eit minne, eit symbol. I dette diktet opplever eg at poeten lar svala flyge inn i det ukontrollerbare slik at ho kan endra seg og stå fram på heilt uventa stadar og vis.

Svala har ingen kropp

Den stuper i vår erindring

Der er svaler i treet. Der er svaler i skogen
Der er svaler i den gamle läven
Der er svaler i lyset som plutselig blinkar
i det gamle kyrkjeglaset, mange svaler-
hundreår der inne. Svaler. Berre svaler
Og døden reiser sine kyrkjegardar
over alt. Kvite svaler i lufta over alt

Det er sagt om dikta til Eldrid Lunden at dei kombinerer uventa synsvinklar med eit intenst nærvær. Det er nesten som ein definisjon av kombinasjonen av det ukontrollerbare og resonans.

Vanlegvis vil ein poet nærma seg det ukontrollerbare innafor ei ramme, ein struktur som likevel gjev ein viss grad av kontroll. Ein opnar opp for det ukjente og uventa og slepper til ting ein ikkje hadde planlagt. Dette kan ein samanlikna med ein jazzmusikar som improviserer ein solo i eit musikkstykke han eller ho spelar saman med andre musikarar. Då vil rytmen og dei grunnleggjande akkordane vera ramma som ein improviserer innanfor.

Rammer for dikta kan vera at dei er skrivne på bokmål, nynorsk eller på dialekt, at dei har bestemte rim og rytmemønster, og så vil den einskilde poeten gjerne ha ein del litterære element som vedkomande held fast ved i diktinga si, og som òg er med på å skape den ramma som det ukontrollerbare får lov å verta ein del av.

Poesien skapar på denne måten ei opning for resonans ved å operera i eit område der ting verken er fullstendig utanfor kontroll eller der alt er planlagt, fastlagt og bestemt, kontrollert og berekna. På den måten vert det både ei form for tryggleik og eit rom for det levande, spontane og pustande i diktet. For resonans.

Me kjenner alle til dikt som byr på så lite av det ukontrollerte at dei får noko ordinært og litt keisamt over seg. Dei er føreseielege og nyttar eit språk som

alt er velbrukt og kjent, og skapar verken overras-
king, engasjement eller nysgjerrigheit.

Dei fleste og dei beste dikta vil nok vanlegvis vera
dei dikta som inneheld både ei strukturerande ram-
me og eit element av det uventa, det som viser at
poeten har vore i stand til å våga seg inn i det ukon-
trollerbare.

Men om me går attende til mi oppleving i byrjin-
ga på denne artikkelen, så kan ein jo spørja seg, om
det òg kan vera slik at opplevingar av det heilt ukon-
trollerbare kan vera eller har vore til inspirasjon for
poetar i diktskriving.

I den samanhengen har eg funne fram til eit ma-
nifest som går rimeleg langt i å opna for det. I ei
bok av Torsten Ekbom om Samuel Beckett, fann eg
eit manifest som heiter «Poesien er vertikal» og som
vart publisert i tidsskriftet *transition* nr. 21 i 1932.
Manifestet er underskrive av Samuel Beckett, Hans
Arp, redaktøren av tidsskriftet og seks andre. Kan-
skje kan ein oppfatta det «vertikale» her som at ein
ønsker ein poesi som går både langt nedover og høgt
oppover, som famnar om jord og ånd, tid og æve.

Det aktuelle tidsskriftet hadde mange fantasifulle
prosjekt i protest mot dei materialistiske tendensane
i tida, som til dømes «Utkast til ein ny magi» og
«Det mystiske Logos' laboratorium». Det aktuelle
manifestet som altså den seinare Nobelprisvinnaren,
Samuel Beckett, skreiv under på, inneheldt mellom
anna dei følgjande tankane om poesi (og her siterer
eg bare nokre relevante utdrag frå manifestet):

«Det er i den ekstatiske åpenbarings umiddelbarhet, i psykens alogiske bevegelse, i visjonens organiske rytme den skapende gjerning finner sted.»

«Dyptdimensjonens virkelighet kan erobres av en frivillig, medimistisk besvergelse, av en dvale som beveger seg fra det irrasjonelle til en verden bortenfor verden.»

«Det transcendentale «jeg-et» med dets mangedoble lag som (...) føres opp til overflaten av hallusinatoriske innfall, av bilder i drømmen, dagdrømmen, den mystisk-gnostiske transen ...»

«Jeg-ets» endelige oppløsning i den skapende gjerning muligjøres gjennom bruken av et språk som er et instrument for magiske åpenbaringer ...»

Dette er jo store ord og veldige saker, og det er nesten hundre år gamle formuleringar. Likevel kan eg ikkje la vera å tenkja at her finst det ein vilje og eit ønske om å nettopp skape ein poesi frå ein posisjon som ikkje er særleg fjern frå den underlege opplevinga eg skildra i byrjinga, ei opning til det irrasjonelle, til hallusinatoriske innfall og til ein mystisk transe. Med andre ord, ei opning mot det ukontrollerbare.



Litteratur:

Ek bom, Torsten: *Samuel Beckett*, Bokvennen forlag, 1991.

Hauge, Olav H.: *Dagbok 1924 - 1994*, Samlaget 2000.

Hays, H. R.: Diktet står i Helge Torvund: *Taxameter og puls*, Noregs Boklag.

Lunden, Eldrid: *Til stades*. Tekstar om erindring og gløymse, Aschehoug 2000.

Rosa, Hartmut: *Det ukontrollerbare*, Verbum 2025.

Rosa, Hartmut: *Akselerasjon og resonans*, Cappelens upopulære skrifter 2024.

Soupault, Philippe: Diktet står i boka *Livet er enkelt og greitt – sju franske poetar i utval*, gjendikta av Rolf Enger og Finn Øglænd.

